

# Møteinnkalling

---

**Utvalg:** Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen  
nasjonalparkstyre  
**Møtested:** E-postbehandling  
**Dato:** 01.07.2016  
**Tidspunkt:**

---

Eventuelt forfall må meldes snarast på tlf. 94880564.  
Vararepresentantar deltek etter nærare beskjed.

Med helsing

Kari Sveen

## Saksliste

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Lukket</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
ST 10/2016	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016 - Transport til Glitterheim - Roar Sletten		2016/4461
ST 11/2016	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2016 - Filming med drone for marknadføring - Spiterstulen Bre- og Fjellføring og Spiterstulen Turisthytte		2016/4601
ST 12/2016	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel 2016 - Transport for reparasjon av gassanlegg på Fannaråkhytta - DNT Oslo og Omegn		2016/4602

Arkivsaksnr: 2016/4461-4

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 01.07.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre	10/2016	01.07.2016

## **Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2016 - Transport til Glitterheim - Roar Sletten**

### **Forvaltar si innstilling**

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 gjev Arbeidsutvalet for nasjonalparkstyret dispensasjon frå verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark for transport av 6 personar frå bommen i Veodalen til Glitterheim den 2. juli og retur 3. juli i samband med feiring av ein 70-årslag, jf søknad datert 26.06.2016 frå R. Sletten.

Dispensasjon vert gjeve på følgjande vilkår:

- Transporten blir utført av vertskapet på Glitterheim, og blir samordna med bagasjetransport tur/retur 2. og 3. juli 2016.

### **Saksopplysningar**

Roar Sletten har ved e-post 26.06.16 sendt følgjande søknad om dispensasjon:

*«Vi er en familie som ønsker å feire et 70-års lag i Glitterheim lørdag den 2.juli 2016, med overnatting til 3.juli. Det blir 32 gjester med smått og stort, og trenger transport til 6 personer. Disse er xxxxxx (6 namngjevne personar).*

*Etter samtale med vertskapet i Glitterheim kan dette ordnes i forbindelse med varetransport.*

*Vi søker med dette om tillatelse til å få sendt med disse personene med varetransporten, slik at det ikke bli ekstra kjøring.*

*Håper på raskt svar..»*

I medhald av samleløyvet til DNT, pkt. 2.1 - Glitterheim - er det opna for enkel behandling av søknader for transport av funksjonshemma dersom det ikkje utløyser behov for ekstra tur – jf. ordlyd i siste kulepunkt under pkt. 2.1:

- *Transport av funksjonshemma skal skje i samband med annan transport, og skal varslast til forvaltningsstyresmakta eller oppsynet på førehand. Dersom det utløyser behov for ekstra tur, må det søkjast eigen dispensasjon.*

Transport av seks personar til familiearrangement kjem ikkje inn under ordninga for transport av funksjonshemma som kan varslast til forvaltninga. Det er berre transport av funksjonshemma som er delegert til administrasjonen. Transport av grupper i samband med særlege anledningar (fødselsdag, bryllaup, og liknande) må behandlast av Nasjonalparkstyret/Arbeidsutvalet.

## **Vurdering**

Verneforskrifta set generelt forbod mot motorferdsel. Persontransport er ikkje nemnt som formål i verneforskrifta, og må behandlast etter den generelle heimelen i § 4, som er avløyst av § 48 i naturmangfaldlova, der ein har følgjande heimel i første ledd: *«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»*

## Forvaltningsplan

Forvaltningsplanen gjev følgjande føringar for transport etter Glitterheimvegen: *«Glitterheimvegen, som har endepunkt ved Glitterheim turisthytte omlag 7 km inn i nasjonalparken, kjem i ei særstilling her. Det har vore og vil framleis bli ført ei restriktiv linje for motorisert ferdsel på vegen. Praksis fram til i dag har vore at det i tillegg til naudsynt transport i samband med sjølve drifta av turisthytta og er gjeve løyve til transport av funksjonshemma med følgje som inngår i ei skuleklasse e.l. Transport har då vore einaste måten for å kunne delta på turen. Denne praksisen vil framleis bli følgt.»*

Ein 70-årsdag er ei særleg anledning som det er viktig å kunne få delta på, og det er etablert ein praksis i forvaltninga der ein i stor grad har opna for transport av gjester med særlege behov. I all hovudsak har slik gjestetransport vore samordna med den ordinære varetransporten til Glitterheim, eller det har vore enkelte løyve til bruk av buss for å frakte gjestene samla. Ein har vore meir restriktiv med dispensasjonar i høgsesongen enn seint på hausten. Dette av omsyn til andre brukarar. Det har i svært liten grad vore opna for bruk av eigen bil innan nasjonalparken pga presedensverknad. Det er her søkt om samordning med bagasjetransport som blir utført av vertskapet på Glitterheim. Knut Vole har ved e-post stadfesta at transporten ikkje utløyser ekstra kjøring, da dei har 7-seter som gjev rom for personane det er søkt om.

Søknaden skal også vurderast etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8): Transporten skjer etter opparbeidd bilveg, og rører ikkje ved naturmangfaldet. Føre-var prinsippet (§ 9) og Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10): Forvaltningsstyresmakta følgjer ein generelt streng praksis i høve til motorferdsel. Etablert forvaltningspraksis er å gje løyve til personar med særleg behov for deltaking i arrangement som bryllaup o.l. Transporten er samordna med bagasjetransport. §§ 11 og 12 om kostnader ved miljøforringing og miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode vert vurdert som ikkje relevante spørsmål.

## Konklusjon:

Det etablert praksis for å kunne tillate avgrensa persontransport etter Glitterheimvegen for dei som elles ikkje vil ha høve til å delta på spesielle familiearrangement el.l.

Arkivsaksnr: 2016/4601-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 30.06.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre	11/2016	01.07.2016

## **Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2016 - Filming med drone for marknadsføring - Spiterstulen Bre- og Fjellføring og Spiterstulen Turisthytte**

### **Forvaltar si innstilling**

Med heimel i § 4 i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark og naturmangfaldlovas § 48, jf. § 77, gjev Arbeidsutvalet i Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen dispensasjon for bruk av drone for filming av området rundt Svellnosbrean, i tråd med søknad av 30.06.16 frå Snorre Sulheim. Dispensasjonen gjeld for 1-3 dagar i juli 2016 med følgjande vilkår:

1. Området er avgrensa til området Spiterstulen-Svellnosbrean-Styggehøe-Tverråind.
2. Flyging nær dyr, hekkeplasser og hi-lokalitetar skal unngåast.
3. Det skal haldast avstand til eventuelle turfolk som er i området og flyging skal av omsyn til friluftslivet skje på vekedagar og ikkje i helger.
4. SNO v/ Rigmor Solem skal ha melding seinast dagen før flyging via e-post (rigmor.solem@miljodir.no) eller melding til mobilnummer 959 65 158.
5. Flyginga skal om mogleg gjennomførast i løpet av *ein* dag, men dersom værforholda blir vanskelege kan det avtalast 1-2 reservedagar.

Nasjonalparkforvaltninga skal ha ein kortfatta rapport/e-post ved avslutning av opptaksperioden.

### **Saksopplysningar**

#### Saksdokument

- Søknad ved e-post av 30.06.2016 frå Spiterstulen Bre- og Fjellføring og Spiterstulen Turisthytte v/ Snorre Sulheim
- Andre søknader om bruk av drone behandla av nasjonalparkstyret eller AU.

Snorre Sulheim søker på vegne av Spiterstulen Bre- og Fjellføring og Spiterstulen Turisthytte om dispensasjon for bruk av drone av typen DJI Phantom (ca.50\*50\*40 cm), for produksjon av ein liten film for bruk til marknadsføring. I søknaden står m.a.:

*«Vi vil vise frem de fantastiske naturen som er i umiddelbar nærhet til Spiterstulen. Spiterstulen ligger, som dere vet, ikke i nasjonalparken, men alle turmulighetene fra Spiterstulen går i nasjonalparken. Vi er derfor avhengig av å få bruke dronen også i nasjonalparken for å få gjort de opptakene vi behøver.*

*Det vi primært ønsker å vise frem er eventyrisen (brefallet) på Svellnosbreen. Dette er en unik bre, og sammen med Galdhøpiggen og Glittertind, vårt største trekkplaster. - - - Dronen gjør det mulig å lage spektakulær film med lave kostnader. Jeg understreker at dette ikke er en stor produksjon, men et lite prosjekt vi vil gjennomføre, og at all filming blir gjennomført av oss som jobber på Spiterstulen. I tillegg til Svellnosbreen vil det være ønskelig å filme på vei opp til / ned fra Svellnosbreen. Hvis været er på vår side, kan det også være fristende å filme fra en av de nærliggende toppene, da primært Styggehøe eller Tverråtind.*

*Vi tror en liten reklamefilm vil være et viktig bidrag til vår markedsføring, og vi tror at alle i tilknytning til turistnæringen i Lom vil ha glede av at man forsøker å trekke flere turister til området.*

*I utgangspunktet ønsker vi å gjennomføre dette neste uke (4.-10. juli), men jeg skjønner at det blir veldig kort varsel for dere. Jeg håper like vel at det kan gå i orden, og hvis ikke, så får vi sette av noen dager senere i sommer.*

*Jeg håper på en positiv tilbakemelding.»*

## Vurdering

Søknaden blir vurdert etter:

- Forskrift for Jotunheimen nasjonalpark av 14.11.14
- Naturmangfaldlova – NML (kap. II om bærekraft og V områdevern)
- Forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen (utkast 2008)

## Forskrift og lovverk

Etter lov om motorferdsel i utmark er små luftfarty av denne typen ikkje rekna inn, da den lova berre omfattar farkostar som er store nok til å frakte ein person. For Jotunheimen er det eit anna punkt i forskrifta som regulerer denne typen farkostar.

Verneforskrifta § 3 pkt. 7.2 om støy har forbod mot bruk av «modellfly og liknande» i nasjonalparken. Det blir tolka slik at «og liknande» omfattar dronar. Det er ikkje spesifisert unntaksregel for denne typen tiltak, og ein søknad om dispensasjon krev da behandling etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4, dvs. vurdering etter naturmangfaldlovas § 48. § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, og opnar for dispensasjon berre dersom tiltaket «ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig». Begge vilkår må vera oppfylt. Dispensasjon må heller ikkje gjevast sjølv om vilkåra elles kan vera oppfylt. Skjønn og instruksar frå overordna styremakter spelar også inn. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene gjevne i vernevedtaket, men er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette eller heilt spesielle tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet.

## Verneformål

Formålet med vern av nasjonalparken er «å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre

naturinngrep.

---

Vidare er formålet med vernet å ta vare på:

- Eit høg fjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi
- ---

Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»



### Forvaltningsplan

Forvaltningsplanutkastet frå 2008 gjev ikkje føringar for bruk av dronar, ettersom det var ein lite kjent teknologi da planen vart utarbeidd. Reglar for bruk av «modellfly og liknande» kom inn i verneforskrifta ved revisjonen i 2014, så denne typen luftfartøy er ikkje omtala i dokumentet frå 2008.

Galdhøpiggområdet og mot Svellnosbreen og Visdalen er i forvaltningsplanen vist som «brukssone»; *Teig 7: Galdhøpiggo-området*, sjå utsnitt under og vedlagt kartskisse.

Om desse såkalla brukssonene står m.a.:

«Det er store naturkvalitetar i områda med brukssone. Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern.»



I retningslinjer for teig 7 står m.a.:

«- - - Det bør informerast betre om trygg ferdsel på breane. - - -»

### Tiltaket vurdert i høve til verneformål og miljørettslege prinsipp i naturmangfaldlova

Dette er ein ny sakstype, og det er lite presedens frå andre område å støtte seg på. Det er siste par åra behandla ein del slike saker i norske nasjonalparker, og fleire er innvilga, men med tydelege avgrensingar av formål, område og tidsrom. Dei innvilga sakene er i stor grad knytt til ymse former for dokumentasjon som kartlegging eller naturfilming, der det er sett ymse vilkår knytt til dyreliv og vilkår om å unngå flyging i helg pga. friluftsliv. I sak 27/2015 gav nasjonalparkstyret løyve til Visit Sognefjord for bruk av både helikopter og drone for filming knytt til ei breiare marknadsføring. Ein er altså ikkje heilt framand for å gje løyve til marknadsføringstiltak, men ser samstundes at det kan blir mange aktørar som ønskjer sitt område profilert. Kvart tiltak må derfor vurderast nøye opp mot verneformål og eventuell påverknad av verneverdiane. Svellnosbreen ligg i brukssone, der ein ønskjer å leggje til rette for balansert bruk, men utan at det går ut over verneverdiane. Breen ligg noko utanfor allfarveg, og kan dermed

ha litt ekstra behov for synleggjering. Vidare er det her viktig med informasjon om at ein eventuell tur på breen krev breførar, dersom ein sjølv ikkje har tilfredsstillande kompetanse og utstyr til å ta seg opp i brefallet, jf. forvaltningsplanutkastet frå 2008.

Søknadar om bruk av drone for privat filming av fritidsaktivitetar har ikkje vorte innvilga, da det vil skape uheldig presedens pga. svært mange potensielle søkjarar som kan ønskje tilsvarende løyve. Søknader som gjeld marknadsføring som kan bidra til verdiskaping/ næringsutvikling må vurderast nøye for kvart enkelt høve, og kan på visse vilkår imøtekomast. I slike saker må ein m.a. vurdere om det er ønskjeleg å trekkje fleire folk til det aktuelle området og om auka trafikk kan tenkjast å gå ut over verneverdiane. Det kan skape presedens om ein opnar for ukritisk bruk av drone for marknadsføring, utan å ha ei konkret vurdering av effekt på verneverdiar og om det er i tråd med den overordna forvaltningsplanen.

Ein elektrisk drone er knapt høyrbar på litt avstand, så ut frå direkte støyomsyn er tiltaket lite problematisk. Indirekte effektar som auka trafikk og uroing kan derimot vera i konflikt med verneverdiar og føringar i forvaltningsplanen. Dersom ein unngår nærføring mot sårbare viltbiotopar som rovfuglreir og held generelt god avstand til vilt som måtte finnast i området, vil bruk av drone truleg ha liten direkte innverknad på biologiske verneverdiar. Indirekte vil likevel filmopptak som promoterer sårbare område overfor nye brukarar kunne gje negativ effekt ved at sårbare artar blir utsett for forstyrringar i form av auka ferdsel og aktivitet gjennom stadig større delar av året. Det planlagde opptaksområdet i denne saka er ikkje blant dei mest sårbare i høve til vilt.

I høve til siste ledd i formålsparagrafen, om at «*Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving*» kan det tenkjast at enkelte vil føle at omfattande bruk av luftfarkostar medfører øydelegging av kjensla av å vera i urørt område. Ein bør derfor avgrense omfanget og unngå område og tider med stor utfart. Ein prøver i størst mogleg grad å unngå flyging på helg. Vidare må det visast respekt for andre som ferdast i fjellet, og unngå nærføring eller filming av privatpersonar som ikkje er førespurt om dette på førehand. Jf. også Samferdselsdepartementets forskrift av 30-11-2015 *Forskrift om luftfartøy som ikke har fører om bord mv*, som også har strenge føringar på dette. For bevaring av verneverdiane i eit langsiktig perspektiv må ein uansett ta ei overordna vurdering av samla påverknad, og ikkje berre å gje isolerte enkeltløyve som kan skape presedens for påfølgjande søknader.

Tiltaket må også vurderast mot naturmangfaldlovas §§ 8-12, jf. § 7.

Kunnskapsgrunnlaget (§ 8) er vurdert som tilfredsstillande når det gjeld biologiske verdiar i området opp mot Svellnosbreen, men ein manglar erfaring når det gjeld bruk av dronar og eventuelle effektar av bruken. Ut frå føre-var-prinsippet (§ 9) er det generelt viktig å unngå nærføring til hekkelokalitetar for rovfugl eller vilt som måtte finnast i området. Forvaltninga har bra oversikt på hekkelokalitetar for sårbare rovfuglar i austre del av Jotunheimen, og det er ikkje registrerte hekkelokalitetar i nærområdet til Svellnosbreen. Ut frå ei økosystemtilnærming og samla belastning (nml § 10) er det likevel viktig å følgje utviklinga, og ta opp temaet ved revisjon av forvaltningsplanen. Bruken av dronar for filming i nasjonalparken bør avgrensast til tiltak av ei viss allmenn interesse, og kan ikkje gjevast for tiltak som skaper uheldig presedens. Sjølve droneflyginga medfører ikkje miljøforringing dersom det blir utført på ein omsynsfull måte, og nml § 11 blir såleis ikkje vurdert som relevant. § 12 gjev føringar om «*miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder*». Bruk av drone er mindre belastande enn andre motoriserte hjelpemiddel, slik at drone er beste tekniske hjelpemiddel for filmopptak dersom vilkår for å gje løyve elles er til stades.


## **Konklusjon**

Ut ifrå ei samla vurdering kan ein på grunn av tiltakets karakter tilrå dispensasjon frå nasjonalparkforskrifta sitt forbod mot bruk av modellfly og liknande i nærområdet til Svellnosbrean, som er vist som såkalla brukssone i forvaltningsplanen. Ein par dagar med filmopptak i dette området vil ikkje vera i strid med verneformålet, eller gå ut over verneverdiane, jf. krava i naturmangfaldlovas § 48. Filminga vil truleg ha ein viss marknadsføringseffekt, og dette kan vera positivt for det naturbaserte reiselivet. Det er ikkje spesielle forhold som gjer at ein treng avgrense talet på besøkande i dette området, og marknadsføring av brevandring i den såkalla brukssonen i teig 7 vil derfor ikkje vera i strid med verneformål eller forvaltningsplan. Filmen vil vise breføring, og bidra til betre informasjon om sikkerheit ved brevandring, jf. forvaltningsplanen.

Det vil bli arbeidd vidare med spørsmålet om bruk av dronar i nasjonalparken gjennom utforming av forvaltningsplanen, som nå er under revisjon.

Vedlegg 11

## FORVALTINGSPLAN FOR JOTUNHEIMEN NASJONALPARK OG UTLADALEN LANDSKAPSVERNOMRADE



### Teiknforklaring

Sone utan tilrettelegging og inngrep, teig 1 - 4

Bruksone, teig 5 - 11

Bruksone

Skog

Myr

Bre

Nasjonalpark

Landskapsvernområde

Fylkesgrense

Kommunegrense

Riksvveg

Fylkesveg

Kommunal veg

Privat veg

Skogsålvveg

Merkt sti

Sti

Betjent turistforeningshytte

Sjølvsbetjent turistforeningshytte

Ubetjent turistforeningshytte

Privat turistforeningshytte

Buseinad

Høgdepunkt



0 1 2 3 4 5 kilometer

Arkivsaksnr: 2016/4602-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 30.06.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre	12/2016	01.07.2016

## **Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel 2016 - Helikoptertransport for reparasjon av gassanlegg på Fannaråkhytta - DNT Oslo og Omegn**

### **Forvaltar si innstilling**

Med heimel i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark §3 pkt. 6.3 f), får DNT Oslo og Omegn dispensasjon for bruk av helikopter for transport i samband med reparasjon av gassanlegg på Fannaråkhytta. Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for 3 turar, som skal gjennomførast på ein dag i perioden mellom måndag 11. juli til fredag 29. juli. Flyging skal ikkje skje på helgedagar.
- SNO v/Rigmor Solem (tlf. 959 65 158 eller e-post rigmor.solem@miljodir.no) skal varslast seinast dagen før transporten skal utførast
- Flyginga skal rapporterast saman med den årlege samlerrapporten for det samla løyvet.

Dispensasjonen gjeld i høve til verneforskrifta. Det må i tillegg innhentast løyve frå kommunen som forvaltningsstyresmakt etter Lov om motorisert ferdsel i utmark og vassdrag og evt. frå grunneigar – jf motorferdsellova § 10.

### **Saksopplysningar**

#### Saksdokument

- Søknad av 30.06.2016, frå DNT Oslo og Omegn v/Thomas With.
- Samleløyve for motorferdsel, DNT Oslo og Omegn, gjeve i sak 13/2013

DNT Oslo og Omegn v/Thomas With søker om dispensasjon for bruk av helikopter i samband med nødvendig reparasjon på gassanlegg på Fannaråkhytta. I søknaden står m.a.:

«Refererer til telefonsamtale i går vedrørende behovet for utvidelse av det generelle løyvet vi har for flyging av utstyr og servicefolk til hyttene.

Bakgrunnen for behovet er at det i forbindelse med proviantflygingen til Fannaråken i forrige uke ble satt i gang service på gassanlegget som ikke ble ferdig. Det ble avdekket mangler som ikke lot seg rette uten nye deler og utstyr. Delene er nå bestilt, og servicefolk er klare til å reise inn når leveransen kommer, og flyværet er godt.

Vi søker om i alt tre turer med helikopter til Fannaråken. En tur med servicefolk opp, en tur med utstyr i hengende last opp, og en tur med servicefolk og verktøy ned på kvelden samme dag. Det er flyværet som avgjør eksakt dag. Tidsrommet det søkes om er mellom mandag 11. juli til fredag 29. juli. Det søkes ikke om å fly i helgene.

Helikopterselskapet Airlift er kontaktet. Det flys fra parkeringsplassen ved Prestesteinsvatnet.»

## Vurdering

Søknaden blir vurdert etter:

- Forskrift for Jotunheimen nasjonalpark av 14.11.14
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009 – forkorta nml
- Forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen (utkast 2008)

Motorferdsel er etter verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark forbode (§ 3, 6.1):  
«Motorferdsel er forbode på land og vatn, medrekna start og landing med luftfartøy, og lågtflyging under 300 m over bakken.»

Forvaltningsstyresmakta kan med heimel i § 3 pkt. 6.3 f) gje løyve til:

f) *Bruk av beltekjøretøy på vinterføre eller luftfartøy for transport av materialar til vedlikehald og byggearbeid på bygningar, bruer, anlegg og innretingar.*

Forvaltningsplanen er ikkje oppdatert etter revidert verneforskrift som vart godkjend 14.11.14, men blir nytta som rettleiande dokument. Utkast til forvaltningsplan presiserer at motorferdsel ikkje er ynskjeleg i verneområda, men at noko er naudsynt. Omfang av motorferdsel skal haldast på så lågt nivå som mogleg. Motorferdsel med helikopter kan forstyrre dyrelivet, og er eit uønskt element i høve til ålmentas ønskje om å oppleve urørt natur og det enkle friluftslivet. Mest sårbare er rovfugl på reir, men også villrein. Det er nødvendig å utføre reparasjonane på gassanlegget, og hytta ligg slik til at ein vanskeleg kan unngå bruk av helikopter.

Søknaden er også vurdert etter naturmangfaldlova §§ 8-12:

- § 8 Kunnskapsgrunnlaget: Vi kjenner ikkje til hekkelokalitet for rovfugl i nærleiken, men ut frå føre-var-prinsippet (§ 9) er det viktig å vise aktsemd både overfor dyreliv og overfor folk som ferdast i området.
- § 10 - Økosystemtilnærming og samla belastning: Forvaltningsstyresmakta følgjer ein generelt streng praksis i høve til motorferdsel, men tiltaket er av slik karakter at det må utførast snarast råd. Fannaråken ligg i brukssone, teig 9. Tiltaket gjev noko støy over eit kort tidsrom, men samla belastning på naturmiljøet blir vurdert som akseptabel i høve til nytteverdien.
- § 11 om at kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar vert vurdert som ikkje relevant.
- § 12 - Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Det er vanskeleg å finne alternativ til helikoptertransport til denne lokaliteten. Det er berre søkt om transport på vekedag og ikkje i helg. Dette er positivt av omsyn til friluftslivet.